14/1366

TAKS24-February-2014

BYGGM. BJØRN R. KVINGE a.s

LINDÅS KOMMUNE
Klassering 212/19
12. 02. 2014
Ark. saksnr. | Løpenr.
Saksh. | Tilgangskode
KBJ

BYGGMESTER

Lindås kommune
Byggesak
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

10. februar 2014

Dykkar referanse: 2013/2081-0-23817/2013 Vår referanse: 12130 - 212/19

**Opplysningar til IG 2-søknad for etablering av lagerhall på Hobby Boat Eigedom AS sin industrieigedom på Eikanger i Lindås kommune.**

Underskrivne er av tiltakshavar engasjert som søker for byggesaken og ansvarlig prosjekterande i tiltaket.
Det er gjeve rammeløyve i vedtak 15.10.2013 og IG 1-søknad er godkjent 03.01.2014.
Vedlagte søknad om igangsetting IG2, samsvarer i hovudsak med omsøkte tiltak i rammeløyve som var lista opp i 6 tiltak der 5 av tiltaka var godkjente i IG 1 søknad. Det er berre tiltak 4 som ikkje var søkt og godkjent i IG1.

Det er slik endring i IG2-søknad i forhold til rammesøknad:

Tiltak 4 Det er i IG2- søknaden endra plassering av lagerhallen. I søknad om rammeløyve er plassering vist delvis på baksiden av eksisterande industribygg.
Det er no valt ei plassering for lagerhallen med litt meir avstand til eksisterande bygg. Det viste seg at det vart for liten plass bak det eksisterande bygget og denne plasseringa ville også blokkere meir for vidare utvikling av eigedomen.

Den endra plasseringa er vurdert til ikkje å endra føresetnad i slik grad at naboar må varslast på ny. Avstand til nabogrenser, estetikk og andre forhold vil være tilnærma like. Statens vegvesen v/ Høydalsvik er kontakta og endringa er avklara der.
Bygget vert liggande framfor ein bratt fjellskrent. Den nye plasseringa vil skjule meir av eit mindre pent terrenginngrep som viser godt frå E39. Inntil denne høge fjellskrenten vil heller ikkje naboar frå eigedomar bak bygget sjå lagerbygget. Dette viser på vedlagte terrengprofil.

Komplett søknad med vedlegg vedlagt.
Er det spørsmål til søknaden tak kontakt med underskrivne på mobiltelefon 456 03 190
eller e-post post@brkvinge.no
eller kontaktperson for tiltakshavar
Jon Runar Harrison mobil: 47874654, e-post: jonrunar@hobbyboat.no

Beste helsing

Bjørn R. Kvinge

Bjørn Rune Kvinge
Søker
Vedlegg



Kvingebakkevegen 97 , 5981 Masfjordnes – Tlf. 56 36 56 20 – post@brkvinge.no